

Forretten smakte herleg - gled dåke til hovudretten.

22.07.2016



Nuit Blanche - ei flott konsertoppleveling.

I kveld hadde stringswing-bandet Nuit Blanche ein liten konsertavdeling på Oska medan gjester koste seg med middagen. I morgen er det klart for helgas hovudkonsert. Då startar bandet kl. 22 etter at middagsgjestene er servert. Det er også fullt mogeleg å berre koma til konserten.

Etter forsmaken vi fekk i kveld vil eg absolutt anbefala folk å stilla opp. Dette var både gøy og spennande. Mesteparten av musikken var ny for underteikna, men vi fekk også smak av veldig kjende slagerar. Gruppa sin versjon av Sous le ciel de Paris (Under Paris himmel) var for eksempel praktfull. Ikkje rart det vart uttrykt 'Nydeleg' frå publikum. Denne vart også ekstranummer etter sterkt ønskje frå publikum.

Gruppa har ei spennande instrumentsamsetjing med Vivi-Ann Brede Souyris på vokal og melodika, Roger Sjøvold Dalland på 12strengs akustisk gitar og fotorgel, Sebastian L. Torjusen på tuba, susafon og beatboxing, og Tobias L Torjusen på trombone. Det som likevel gjer resultatet så bra, er at alle er svært dyktige musikarar, og utnyttar instrumenta maksimalt. Det fungerer svært godt både i samspel og under solistinnslag.

Viktig er det i tillegg at det er eit svært så behageleg lydnivå. Musikken passar utmerka til å skapa den rette sommarstemninga i sjøkanten.

Ein kvartett frå Tysnes som hadde teke turen til Oska for å høyra Nuit Blanche, karakteriserte stunda som super. Dei gav toppkarakter til både musikken og maten. Også den musikkelskande spanske servitøren Sonia Bataller var storveis imponert over det gruppa presenterte!

Dermed: Uskedelingar, andre kvinnheringer og tilreisande. De får ein super laurdagskveld om de tar turen til Oska.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.